



Samferdselsministeren  
Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dato: 04.06.2018  
Vår ref.: 2016/943-39  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref: 15/1238-103

## Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga

Vi viser til brev frå Samferdselsdepartementet datert 30. april 2018 «*Ferjeavløysingsordninga- Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane-Ranavik*». Etter samtaler på administrativt nivå forstår vi brevet slik at departementet har vurdert at innkorting av sambandet ikkje er kvalifisert til ferjeavløysingsmidlar grunna at det ikkje er bru eller undersjøisk tunnel.

I retningslinene for ferjeavløysingsordninga står det i pkt 1.1 m.a.:

*Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. ...*

Formuleringa *vanlegvis* inneber etter mi vurdering at ordninga ikkje må tolkast såpass restriktivt som departementet har lagt til grunn.

Eg minner på at når Statens Vegvesen flytta ferjestø på Stordsida frå Leirvik til Skjersholmane i 2003, vart dette sett på som ei mellombels ordning fram til ein fant ny lokalisering av ferjestø på Stordsida. Grunna at tidlegare forsøk har stranda, har kommunane bedt fylkeskommunen om å bistå med å finne ei løysing. Fylkeskommunen er tiltakshavar for sambandet.

Eg vil peike på at ferjesambandet mellom Skjersholmane i Stord kommune og Ranavik på Halsnøy i Kvinnherad kommune tek i dag om lag 40 minuttar, mens det potensielt kan vere mogleg å halvere overfartsida med same hastigheit. Hordaland fylkeskommune har saman med kommunane Stord og Kvinnherad starta opp arbeid med planprogram for ein interkommunal plan for innkorting av sambandet. Fylkeskommunen har sett på dette arbeidet som særskilt viktig grunna følgjande:

- Det er viktig for befolkning og næringsliv med kort overfartstid mellom dei to kommunane. Med realisering av E39 Hordfast vil sambandet få auka betydning, då store delar av Kvinnherad vil få kortare veg til Bergen via dette sambandet enn via alternative ruter mot Bergen.
- Kortare samband betyr mindre bruk av drivstoff, og med dette mindre utslepp.
- Det er mogleg med eit betre driftsopplegg med høgare frekvens på ferja.
- Ikkje minst er ferjesambandet viktig for næringsutvikling og regional utvikling i Sunnhordland.

Hordaland fylkeskommune har store utfordringar på fylkesvegnettet, og eg kan ikkje sjå at fylkeskommunen kan løfte eit prosjekt åleine, sjølv med bompengefinansiering av eit nytt samband. Dette betyr i praksis at vi truleg vil vere avhengig av ferjeavløysingsmidlar for å kunne realisere innkorting av sambandet. Eg kan difor ikkje sjå at godkjenning av sambandet som ferjeavløysingsprosjekt vil medføre utgifter for staten.

På dette grunnlag ber eg statsråden om å syte for at innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad kjem under ordninga med ferjeavløysingsmidlar.

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Stord kommune  
Kvinnherad kommune  
Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet